Til vottar vart det nytta garn i fleire fargar, og ulike teknikkar som tviband og relieffstrikking. Vottmønster er for det meste geometriske. Ein kjenner namna på meir enn to hundre vottmønster. Fleire

mønster skriv seg frå ei fjern fortid. Folk meinte at det løynde seg ei magisk kraft i dei. Dei trudde at vottmønster gav lykke og verna mot det som var vondt og leit. Vottane hadde ein vesentleg plass både i bryllups- og gravferdsskikkane.

Beltet

Estiske kvinner nytta eit fargerikt belte både til å halde drakta på plass og til pynt. På Saaremaa nytta dei svart botn, men elles skulle det vere kvitt lenty i botnen. Det geometriske mønsteret er opp-plukka og i fleire fargar. Denne teknikken er kjend i Estland i alle fall frå 1300-talet.

I tillegg til den praktiske funksjonen hadde beltet magiske eigenskapar. Det var vanleg å tru at det verna den som bar det. Eit stramt belte rundt livet skulle verne mot ymse sjukdommar. Småjenter fekk belte bunde om seg så dei skulle vekse opp mjå om midja.

Diplomatiet

President Rüütel har utnemnd Estlands første ambassadør til Kina. Han heiter Mait Martinson og har før utnemninga arbeidd som sjefsforhandlar i handelsavdelinga i utanriksdepartementet.

Ny kjempeferje

Hansatee Group bestilte ei kjempeferje fra det finske verftet Aker Finnyards i Rauma. Under merket Tallink er den nå satt inn i ferjetrafikken mellom Helsingfors og Tallinn. Hansatee Group hadde fra før totalt åtte skip. Av disse går fem mellom Helsingfors og Tallinn, to mellom Paldiski og Kapellskär, og ett mellom Tallinn og Stockholm. Mellom Finland og Estland har Tallink fra før ca. 45 % av passasjertrafikken. Det nye skipet, Romantika, er det største i trafikk mellom Estland og Finland. Lengden er 190 meter, bredde 29 meter, hastighet 22 knop. Skipet har 12 dekk. Det kan ta 2500 passasjerer og 500 personbiler. I de 735 lugarene er det 2250 køyplasser.

Estisk historie – en kortfattet oversikt til repetisjon

De første menneskene som bosatte seg i Estland, kom dit like etter at innlandsisen hadde trukket seg tilbake etter siste istid for ca. 11 000 år siden.

Esterne var til å begynne med jegere og fiskere. Omkring 2000 år f.Kr. begynte de å holde husdyr og dyrke jorda. I en periode på et par tusen år var Estland det nordligste området i Europa med korndyrking.

Allerede på den tida hadde Estland en gunstig beliggenhet som knutepunkt på handelsrutene i Nord-Europa. Dette ble enda tydeligere i bronsealderen (ca. 1800–500 f.Kr.) som var ei gylden tid i nord.

De første omtalene av Estland går tilbake til tida omkring Kristi fødsel. Det latinske *aestii* er der fellesnavn på folkestammene i området. Navnet kan ha sammenheng med det nordgermanske ordet for 'øst'.

Vikingene rodde på handelsferder fra eller via Estland til Russland, Sentral-Asia og Konstantinopel. I sagaer og runeinnskrifter opptrer esterne både som fiender og forbundsfeller.

Områdene ved Østersjøen ble interessante for kjøpmenn og misjonærer. Som ett av de siste hedningefolka i Europa ble esterne kristnet av danske og tyske korsfarere tidlig på 1200-tallet, og Estland ble viet jomfru Maria. Tyskerne ble en overklasse, og esterne var til 1800-tallet et reint bondefolk.

Estland var nå kommet inn i den nedertyske kulturkretsen. Det oppstod små føydalstater. Byene ble innlemmet i hansaforbundet, de ble rike og mektige, og via disse kom reformasjonen til landet tidlig på 1500-tallet.

I den ødeleggende liviske krigen omkring 1600 kjempet russere, polakker og svensker om Estland. Krigen sammen med sult og pest la mer enn halve befolkningen i grava. Utgangen var at Estland kom under svensk herredømme. Denne perioden på nesten hundre år blir fortsatt husket som "den

gode svenske tida".

Peter den store erobret Estland tidlig på 1700-tallet for å få "et vindu mot vest". Bare tredjeparten av befolkningen overlevde krigens herjinger. De var nå blitt russiske undersåtter og gikk inn i den verste perioden av livegenskap. De russiske styresmaktene blandet seg ikke noe større inn i det som gikk for seg i Estland. Det lokale adelsstyret, tyskspråklig administrasjon og lutherdom fortsatte som før.

Livegenskapet ble avskaffet på 1800-tallet, og ved midten av århundret begynte den nasjonale oppvåkningen. Dette førte til store forbedringer i utdanning og leveforhold, og det la grunnen for framveksten av et estiskspråklig samfunn.

Opplysningen av det russiske imperiet i revolusjonene som fulgte første verdenskrig, gjorde det mulig å utrope Republikken Estland 24. februar 1918. I frihetskrigen 1918–20 slo de estiske styrkene tilbake angrepene både fra de russiske kommunistene og fra baltertyskernes *Landeswehr*.

Sammen med de andre unge demokratiene i Mellom- og Øst-Europa bygde Estland opp en nasjonalstat. I 1921 ble landet tatt opp i Folkeforbundet. I den litt over tjue år lange selvstendighetsperioden ble den landbruksbaserte økonomien omstrukturert. Det ble bygd opp en riksadministrasjon, og grunnlaget ble lagt for kulturell virksomhet, utdanning og vitenskap på estisk språk.

En hemmelig tilleggsprotokoll til pakten mellom Hitler og Stalin i 1939 plasserte Estland i Sovjets interessesfære. Allerede samme år ble det opprettet sovjetiske militærbaser på estisk territorium. Med trusler om full krig ble en sovjetvennlig marionettregjering innsatt sommeren 1940, og Estland ble omgjort til sovjetrepublikk. Umiddelbart før Estland kom med i andre verdenskrig, ble over 10 000 estere arrestert og deportert til Russland, beskyldt for

motstand mot sovjetregimet.

Tyske tropper erobret Estland sommeren 1941 og holdt landet til høsten 1944. Tusenvis av estiske familier flyktet for den russiske armeen som rykket inn. De drog over havet til Sverige, Finland og Tyskland. Samtidig reiste også de fleste kystsvenskene som hadde bodd på vestkysten og øyene fra 1200-tallet av.

På tvers både av menneskerettigheter og sovjetiske lover ble igjen over 20 000 mennesker, for det meste kvinner og barn, deportert til Sibir i mars 1949. Geriljakrigen mot kommunistregimet fortsatte i skogene

til inn i 1950-åra.

Sovjetregimet gikk inn for en systematisk russifiseringspolitikk. Sentralt i denne stod utviklinga av gruvedrift og tungindustri. Det ble hentet inn fremmedarbeidere fra hele Sovjetunionen. Til tross for dette beholdt Estland sin nasjonale identitet. Motstandsbevegelsen som vokste fram fra midten av 1980-åra, førte til ny selvstendighet. Republikken Estland gjenoppstod 20. august 1991.

(Jl, Hovedkilde: Estisk institutt)

Fremmedarbeidere

De harde trettiåra var i Estland mindre harde mot slutten. Da var det slutt på arbeidsledigheten og landet importerte arbeidskraft fra Polen. Det ble våren 1937 inngått en avtale mellom Estland og Polen som skulle regulere dette. Særlig var det i Estland behov for landarbeidere til de forskjellige onnene i sommermånedene.

Gjennomsnittlig månedslønn var i 1937 for menn 38 kroner og for kvinner 27 kroner. Til sammenlikning kosta et kilo smør halvanna krone.

Polakkene fikk arbeidstillatelse bare for ett år. Den kunne forlenges i samsvar med behovet på arbeidsmarkedet.

De første polske landarbeiderne ankom med tog 28. mai 1937. På stasjonen i Valga var det møtt opp rikelig med passkontrollører og tollere, også en representant fra den polske

ambassaden. Men det viste seg at polakkene måtte gå til fots over grensa, og de som skulle ta imot, skyndte seg til grensepunktet. De estiske passkontrollørene hadde et svare strev med å lese de innviklede polske navna. Samtidig la kontrollen for dagen at mange var analfabeter. I rubrikken for underskrifta lyste det gjerne tre kryss. De unge arbeiderne kunne for det meste snakke russisk, men noen få blant dem behersket bare det polske morsmålet sitt.

Det var ikke alle polakker som vendte hjem igjen. Noen fant seg et nytt hjem i Estland. Da Tyskland 1. september 1939 gikk til angrep på Polen, forsøkte de polske arbeiderne å flykte til Vesten. Ettersom Estlands grense var stengt, var det slett ikke alle som lyktes med fluktforsøket. (Jl)

Kjøpesenter

Norske forretningsinteresser presser på i Estland. Administrerende direktør Petter Salomonsen i det norske konsernet Linstw Varner SIA forteller i intervju med Äripäev 22.4.2002 om planene for et kjøpesenter like ved flyplassen i Tallinn. Det er prosjektert med 50 000 m². Av dette går 11 000 til Rimi Maxi som blir den største leietakeren. Selv om Spar har gått konkurs og flere butikkkjeder kjemper hardt for å

klare seg i konkurransen, gir Salomonsen uttrykk for optimisme. I Tallinn er det 140 m² kjøpesenter per 1000 innbyggere. i Latvia er det 40, men i Norge 630, forteller han. Dette er framtida, påstår Salomonsen, og mener med det at det fortsatt er store muligheter i Estland. På årsbasis kalkulerer han med 7 millioner kundebesøk. Parkeringsplassen skal ha 1600 plasser. (20.5.2002 ay)

Estisk – eit lite språk på veg mot framtida

Av Øyvind Rangøy
rangoy@online.no

Det europeiske språkåret 2001 er over, og mange av oss har vel ikkje tenkt så mykje på det. Men Estland er eit land som har satsa stort. Formannen i komiteen for den estiske markeringa av språkåret, Jüri Valge, er professor i estisk ved universitetet i Tartu og språkpolitisk rådgjevar for regjeringa.

Estarane er ein nasjon som definerer seg ut frå språket, og som saman med språket sitt har opplevd sjølv å vere trua. I sovjettida fanst det ikkje noko offisielt språk, men heller ikkje noko vern for nasjonalspråka. Russisk – "språket for mellomfolkeleg kommunikasjon" – dominerte på stadig fleire felt, og fleire og fleire såg sitt eige språklege heimland i fare. Men estisk har makta å halde seg oppe som eit levande kulturspråk, med ein rik litteratur for ein så liten nasjon. For berre nokre månader sidan feira landet ti år med nytt sjølvstende.

Før andre verdskrigen hadde Estland om lag 90 prosent etniske estarar saman med temmeleg stabile minoritetar av mellom anna tyskarar, estlandssvenskar og russarar. Dei gamle minoritetane er borte, men i dag er likevel berre i underkant av ein million av Estlands halvannen million innbyggjarar estarar. Resten er for det meste russisktalende som kom som arbeidskraft i Sovjet-tida, og som i mange år var blant dei privilegerte. No skal dei integrerast i ein nasjonalstat og i eit



Professor Jüri Valge. (foto: Øyvind Rangøy)

samfunn dei ikkje hadde noko tilhøve til då dei kom. Denne prosessen har til dels vore smertefull, og det siste halvåret har debatten vore skarp kring opphevinga av språkkrav for å stille til val. Krav om estisk-kunnskapar for å kunne veljast vart vedteke for tre år sidan og no enda det med at desse krava vart oppheva. Debatten viste kor sterke kjensler desse spørsmåla kan setje i sving hos eit folk som i okkupasjonssåra opplevde språket som det siste heimlandet. Men først, kor mykje kan

det europeiske språkåret ha hatt å seie for eit språk? Jüri Valge svarar:

– Då vi begynte med førebuingane til markeringa av språkåret i Estland hadde vi det klart for oss at vi må ta med alle tema som arrangementet legg opp til. Men vi ville òg nytte høvet til å fokusere maksimalt på estisk. No på slutten av året kan vi seie at det lykkast godt – vi er godt i gang med å utforme strategien for estisk språkpolitikk. Om to år håper eg vi har ein ferdig utarbeidd strategi som skal gje retningslinjer for utviklinga av estisk i åra

framover. Kanskje den viktigaste funksjonen språkåret har hatt, er å setje språket på dagsordenen, slik at språkspørsmål er noko det no vert snakka om.

Nye tider, nye omgrep

– Korleis vil du skildra situasjonen for det estiske språket no og for ti år sidan?

– Estisk har jo vore skriftspråk i fleire hundre år, og tok form som kulturspråk mot slutten av 1800-talet. Dermed hadde nok språket stabilisert seg mot slutten av det

første sjølvstendet (før andre verdskrigen), og svara fullt og heilt til dei krava samfunnet stilte til språket. Difor skjedde det heller ingen nemnande forandringar i språkstrukturen i løpet av sovjettida. Men ordforrådet tok naturlegvis inn nye og framande element frå russisk i samband med sovjetisk terminologi. Den perioden slutta altså for ti år sidan. I løpet av dei siste ti åra har russisk heilt slutta å påverke estisk, dei unge kan ikkje lenger russisk. I staden har engelsk kome som den store påverkaren. Engelsk har forandra estisk meir i løpet av ti år enn det russisk makta på eit halvt hundreår. Det heng naturlegvis saman med at russisk var upopulært med bakgrunn i posisjonen språket hadde. Engelsk er derimot populært, det er engelsk som gjeld i dei institusjonane som Estland strekkjer seg mot, EU og Nato, og elles er praktisk naudsynt for kommunikasjonen vestover. Når engelske "rå-lån" no ukritisk vert tekne inn på upassande stader er det sjølv sagt ikkje noko betre enn om dei var russiske.

– Og esterane har verkeleg vore raske til å ta inn engelske lånord, særleg i talespråket. I skrift vert dei straks tilpassa estisk rettskriving. Til dømes finst det dataord som *fail* (fil), *brauser* (nettlesar), og elles ord som *liider* (leiar) og *spiker* (i talespråket presidenten for parlamentet).

– Estisk er ikkje noko fattigare språk enn engelsk – det finst ting ein kan seie meir presist på estisk enn på engelsk, andre ting kan ein seie betre på engelsk. Nye omgrep kjem stadig inn og stiller store krav til språkrøkt og utvikling av nye termar. Liksom sovjettida kom med nye fenomen og ord som *kolkhos* (kollektivbruk), slik kjem òg vår tid med nye fenomen frå Vesten som vi må finne gode estiske ord for. Det viktigaste er at estisk har vist at det er i stand til å følgje med og tilpasse seg.

– Attende til strategien for estisk språkrøkt: På kva område treng estisk framleis utvikling?

– Det første store feltet er informasjonsteknologi. Vi må framleis arbeide mykje

med ordforrådet på det området. Forresten hjelper det ikkje å lage ord om ikkje folk tar dei i bruk. Det kjem dermed mykje an på kor bevisste folk sjølve vil vere i denne prosessen. Vidare er det nok bruk for ein del juridiske termar. Elles kan det vere manglar på område der ein ikkje fekk bruke estisk i sovjettida, slik som forsvar, luftfart og så bortetter. Men eg vil likevel streke under at estisk er eit fullt utvikla kulturspråk. I det store og heile fungerer det like bra i sin samanheng som til dømes slektningen finsk.

- Estisk er saman med finsk og ungarsk eitt av tre finsk-ugriske språk som har status som offisielt språk i eigen nasjonalstat.
- Estisk er nært i slekt med finsk, og ikkje med dei baltiske språka latvisk og litauisk.
- Estisk og finsk står med omsyn til grammatikk like nær kvarandre som dei skandinaviske språka, men større ulikskapar i ordforrådet gjer at dei ikkje utan vidare er gjensidig forståelege.

Eit lite språksamfunn

– For ti-femten år sidan var framtida for estisk trua av den sovjetiske politikken. Er språket framleis i fare, slik situasjonen er no?

– I prinsippet er alle små språksamfunn i fare i verda i dag, og estisk er ikkje noko unnatak. Faren er der alltid. Men på ein annan måte enn for ti-femten år sidan. Ingen kan kome utanfrå og hindre oss i å nytte eige språk, men det kan hende at vi sjølve ikkje lenger vil snakke det. Debatten har gått i mange år om kva språk vi helst skal nytte i vitenskaplege artiklar. Lat oss seie at dei vert skrivne på eit anna språk, som naturlegvis vil vere engelsk. Då er neste spørsmål kva språk ein bør undervise på ved universiteta? Og kva med vidaregåande, det er då vel berre ei førebuing til studia? Og så vidare. Det kjem altså an på kva vi sjølve vil. Det kan vere at vi må ofre noko for å ta vare på vårt eige språk.

Fleire og fleire talar for engelsk som forretningsspråk i Estland for å lokke investorar til estiske føretak. Det er fullt mogleg, og kan til og med føre til økonomisk vinning og litt betre levestandard. Men samstundes har vi mista ein del av språket vårt, idet vi ikkje lenger utviklar estiske omgrep på dette området. Mykje avheng altså av om vi er villige til å gje avkall på noko for å verne om språket.

Store og små minoritetar

– Korleis heng estisk språkpolitikk saman med situasjonen til den russiskspråklege minoriteten? Og korleis vil du skildre språksituasjonen for dei russisktalande?

– Det som har med språk å gjere er nok den viktigaste biten av heile integrasjonsprosessen. Språkpolitikken kviler på to viktige søyler. Den første er at alle innbyggjarane skal lære estisk, slik at dei fullt ut skal kunne ta del i samfunnslivet, der det meste av informasjonen er på estisk. Dei som skal delta i politikk er ikkje i stand til å ta kompetente avgjerder om dei ikkje kan språket den offentlige debatten føregår på. Dessutan bur det ikkje berre estarar og russarar i Estland, heile 140 ulike nasjonar er representerte. Det ville vere naturleg om estisk var språket når estiske innbyggjarar med ulik etnisk og språkleg bakgrunn skal kommunisere seg imellom. Som EU-medlem vil Estland få fleire innbyggjarar frå ulike land, og det burde være like naturleg med estisk som språkleg fellesnemnar for desse, som det er med tysk i Tyskland, engelsk i England og norsk i Noreg. Det var den eine sida av saka.

– Den andre søyla er at det er ein stor rikdom for Estland med innbyggjarar som beherskar andre språk. Det er ein ressurs vi bør setje pris på og ta vare på.

Det er estiske skattepengar som held oppe den russiskspråklege utdanninga i Estland, men først heilt i det siste har vi byrja tenkje på alle dei som verken er estarar eller russarar. Frå årsskiftet av får dei no rett til morsmålsundervisning, slik vi kjenner det frå

Skandinavia og Finland og andre stader.

– Den svenske ambassadøren Elisabet Borsiin Bonnier skapte bølger då ho i estiske medium uttala at "estiarane sin uvilje mot å gje slepp på språkkrava for folkevalde er berre ein historisk bakrus utan rot i røyndomen." Korleis kommenterer du slike påstandar?

– Fråsegna vekte forståeleg nok kraftige reaksjonar i media. Sjølv sit eg nok litt på to stolar – som universitetslærer og fritt menneske kan eg seie det eg meiner, men som offentleg rådgjevar ville det ikkje vere korrekt av meg å kommentere det for mykje. Det eg kan seie, er at ambassadøren naturlegvis hadde rett til å hevda det. Og det er klart at det i eit demokratisk land ikkje skal leggjast restriksjonar på kven som er valfør, endå nettopp det stadig vert gjort. No er språkkrava avskaffa, og samstundes har nasjonalforsamlinga med eit anna vedtak sikra estisk som arbeidsspråk. Dermed er det berre opp til veljarane sjølve å avgjere kven som best kan representere interessene deira. Alt skulle vere i samsvar med internasjonale standardar, slik òg OSSE har stadfesta. Når det gjeld "bakrus" og liknande karakteristikkar, vil eg likevel vise til at dei landa som desse karakteristikkane kjem frå, ikkje har erfaring med å vere i slik fare som estiarane har opplevd, og ofte vil dei difor ikkje forstå problemet. Det er mogleg at vi overdriv litt, at vi stundom er for redde, men vi er eit lite folk. Om til dømes ein million av eit stort folk skiftar språk, så merkar ein det knapt. Av oss er det ikkje meir enn ein million til å halde det heile oppe.

– Treng russisk vern i Estland?

– Nei, det trur eg ikkje, for det er ingen som truar det. Estland ser på det som ein rikdom å ha innbyggjarar som kan andre språk. Erfaring – til dømes frå USA – viser at innvandrarar etter tre generasjonar oftast vert språkleg assimilerte av fleirtalet. Det vil nok gå saktare her fordi det er ein så stor del som talar russisk i høve til det totale

folketalet, og Estland vil på ingen måte gjere noko for å setje fart på den prosessen. Vi har ei russiskutdanning på høgt nivå ved universitetet i Tartu, og i regi av språkåret var det mellom anna ein konferanse om problema for dei russisktalande. Vi vil at russarane skal lære estisk i tillegg til – ikkje i staden for – morsmålet.

– Kunne du sjå for deg russisk med offisiell status på lokalplanet, slik det til dømes fungerer for samisk i Noreg, eller er tilhøva rett og slett for ulike?

– Eg vil seie det slik: Det kan vi godt snakke om den dagen estisk faktisk fyller den lovfesta posisjonen sin som riksspråk. Det gjer det nemlig ikkje no. Om du til dømes reiser til Narva i det nordaustlege Estland greier du deg ikkje med estisk i dag.

Eit anna slags estisk

Det går eit eldgamalt språkleg skilje mellom Nord- og Sør-Estland. Lenge kjempa nord- og sørøstiske dialektar om å danne grunnlaget for skriftspråket. Nordestisk sigra, og ein av dei viktigaste grunnene til det var nok den første komplette estiske bibelomsetjinga, som kom ut på nordestisk målføre i 1739. Sidan den tid har det nordestisk-dominerte skriftspråket for det meste fortrent dei lokale dialektane rundt om i landet. Men i Sør-Estland lever framleis Võru-dialekten (av og til noko upresist kalla sørøstisk), som etter lingvistiske kriterium godt kan kallast eit eige språk. Korleis ser Valge framtida til dette målføret?

– Det er eit språk eg kjenner godt både som språkutdanna og fordi eg sjølv har budd i det området i mange år. Dessutan sit eg i styret for det statlege programmet for sørøstisk språk og kultur, og er programforplikta til å kjempe for det.

– Det er i dag den einaste av dei gamle dialektane som framleis er i dagleg bruk av så mange i eit så stort område. Blant språkbrukarane finst òg dei som er opptekne av å bevare og utvikle morsmålet, og det vert

skrive både romanar og skodespel i denne språkforma, det vert laga radio- og fjernsynsprogram og det kjem ut ei avis. Og ikkje minst vert det undervist på mange av barneskulane i dei tre fylka der språket historisk høyrer heime, sjølv om dette enno ikkje har kome inn i dei offisielle læreplanane, noko som framleis vert diskutert. Det er nok verken realistisk eller ønskeleg å gjere det obligatorisk for heile landet, men sjølv meiner eg at det må vere mogleg for dei som ønskjer det å lære vöruspråket på skulen. Eg trur òg at ein godt kan sjå for seg ein viss offisiell status for dette språket i dei aktuelle områda. Vi må ha klart for oss at skal vi gjere noko, så må vi gjere det før det er for seint. Det er vanskeleg å restaurere språket i etterkant om folk gløymer det.

Estlandsekspertar

Diplomatskolen i Moskva utdannar Estlandsspesialistar. Det tyder på at Russland ser på Estland som viktig. Den vesle spesialistgruppa som blir uteksaminert i vår, har gått gjennom ei grundig utdanning som har gitt allsidig kunnskap om estiske lover, estiske tilhøve og sjeleliv. (olm)

Lettvint selvangivelse

Flere hundre tusen estere slipper i år å fylle ut selvangivelsen. Det er gjort på forhånd av likningskontoret på grunnlag av trekkoppgaver. Skattefunksjonærene regner med at en stor del av selvangivelsene kan de fylle ut med absolutt alle nødvendige opplysninger. I fjor var det bare de som leverte elektronisk selvangivelse som fikk nyte godt av forhåndsutfylling. Nå skal det også gjelde dem som leverer papirangivelse; de får mer eller iblant mindre utfylte skjemaer i posten. Fristen for innlevering er i Estland 31. mars. (EPL 12.1.2002 jl).

Kort sagt

Det gjennomsnittlige forbruket av kjøt og kjøtprodukt er ca. 64 kilo per estar per år.

Informasjonsteknologien utgjør om lag 9 % av bruttonasjonalproduktet i Estland. Mesteparten av dette er knytta til telekommunikasjon.

I fjor drukna det 158 menneske i Estland – 137 menn og 21 kvinner. Juli var som vanlig den verste månaden: 40 drukninger.

Det sit 400 HIV-smitta i estiske fengsel. Dei deler celler med friske, for etter europeisk, og no også estisk lov, kan ikkje legen spreia informasjon om kven som er smitteberar.

Bystyret i Tallinn har gjort vedtak om å setja opp lærarlønningane 15 % og med tilbakeverknad kraft frå 1. januar 2002. Gjennomsnittslønna deira blir då 5297 EEK i månaden.

Finnane dreg framleis til Estland for å kjøpa billegare alkohol. I februar fann den finske tollens i Helsingfors tre kilo amfetamin gøymd i ølboksar.

EU-medlemskap blir dyrt for radioen fordi det er nødvendig å overhalda dei europeiske reglane om vederlag til platefirma og artistar. For 2003 er det nemnt 15 millionar EEK.

Kvart femte dødsfall i Estland har røyking som årsak. Over 7000 personar i yrkesaktiv alder er uføre på grunn av røyking. Flittige røykjarar hiver ut 7 % av lønna på tobakk.

I februar 2002 kom det humanitærhjelp verd 1,5 mill EEK. 51,8 % av dette frå Finland, 26,7 % frå Sverige, 8,9 % frå Tyskland 7,1 % frå Danmark og 5,5 % frå Noreg.

På den estiske ølmarknaden er det to store bryggeri: Saku Õlletehas med 46 % av marknaden og Tartu Õlletehas med 34 %.

På seks år er talet på studentar i Estland fordobla. Då studieåret byrja i haust, var det

godt over 60 tusen studentar. 39 % av 20-åringane er i gang med eit studium.

I år 2002 vil åtte skular bli nedlagde i Estland. Den vanlegaste årsaka er elevsvikt på grunn av låge fødselstal.

Estonian Air hadde i 2001 over 290 000 passasjerar. Det var ein auke på 2 % samanlikna med året før.

Med presidentskiftet i oktober fekk nye delar av folket tillit til EU. Ved årsskiftet var støtta 58 % medan 30 % var imot og 12 % var usikre.

Estland treng fleire kanonar og håper å få dei frå Finland. Derifrå kom dei første 19 kanonane i 1997.

Estlands regjering vil gjera overføringar til turistferjene viss dei misser taxfree-handelen ved EU-medlemskap, noko som tidligast skjer i 2004.

Ved den sovjetiske bombinga av Tallinn 9. mars 1944 vart m.a. Estonia-teateret øydelagd. Like eins alle studio, platesamlinga og arkivet til Eesti raadio.

Ei bru mellom Saaremaa og fastlandet er kostnadsrekna til 1,3 milliardar EEK.

Med byrjing i juni er det planlagt flysamband to gonger i veka på strekninga Tallinn Kuressaare (Saaremaa) – Visby (Gotland).

Estiske skip var i 2002 ute for 17 ulykker. To av skipa sakk. 13 utanlandske skip var ute for ulykker i estiske farvatn. Ni av desse gjekk på grunn.

Ei ny lov krev at kjøtprosenten blir oppgitt på alle foredla kjøtprodukt som pølser osv. Dette har samband med EU-direktiv.

Til feiringa av farsdagen i november hadde kvinner i Halliste i Viljandi fylke ordna med "striptiis" til stor glede for mennene sine.

Løsning kryssord

VANT I GRAND PRIX	D	INNSØV PERU TALL	P	E	ER NARVIG JORDIS KLUBB VÅPEN	K	BEKKER KJUS FRONT	SLIT	O	P	P
2	T	A	N	E	L	P	A	D	A	R	AVIS
FORF. 1946- DRIKK	V	I	I	V	I	L	U	I	K	NORRØN GUD	S
3	T	E	P	S	M	I	L	E	V	A	R
TIDL. PRESID. MAR- LOKED	B	E	S	T	BY HØNDE- DRAG	V	O	R	M	S	I
4	M	E	R	I	POP- LERT	A	N	O	R	A	M
U R I	A	N	K	I	S	100 SENTI	N	O	R	G	E
METALL HUSTRI LIKE	T	I	N	N	SVENSK HØNDE- BYRÅ	K	HELLIG RUSSISK ELV	S	T	STØRT LAND	E
5	K	O	N	E	ANTA	T	R	O	U	TØY FRYSE	L
6	K	N	O	P	KOMPO- NIST FOR- TELLE	T	O	B	I	A	S
MÅL FOR FEST GRAND PRIX-BY	O	A	S	O	DAK- SEN NITRO- GEN	FORF. 1947-	S	A	A	T	DEL AV FOT
7	T	A	L	L	I	N	N	E	R	SPISTE Å	


En katt på catwalken

Har du lært litt estisk, så veit du at "kass" betyr katt. Og har du fulgt med i Estlands-nytt, så veit du at esterne gir barna sine navn av mange slag, utenlandsk klang er ikke noen hindring. Videre veit du at dyrenavn er svært vanlige som familienavn. Altså er det ikke noe underlig i det faktum at Carmen Kass ble født i Paide høsten 1978.

Da vi sist hørte om Carmen Kass, dvs. leste om henne i estisk presse, bodde hun i New York. Hun var da valgt til "Årets modell 2000". Hun ble oppdaget av en agent fra Baltic Models da hun 14 år gammel var på handletur i Tallinna Kaubamaja (Tallinn varehus). Den første avtalen med den internasjonale moteverden førte henne til Milano. I 1997 poserte hun for første gang på forsida av motebladet Vogue. Der hadde hun til sammen vært avbildet fem ganger da hun fikk tittelen Årets modell i modellverden det høyeste noen kan oppnå. For mange estere overgikk dette til og med Erki Nools olympiske gullmedalje i tikamp. Ved sida av Paavo Neeme er hun kanskje vår tids mest berømte ester, meinte noen.

Selv om frøken Kass opptre åpenlyst på motemoloen, har ikke fotografen vår fått katten på kornet enda. Vil du vite hvordan hun ser ut, kan du f.eks. studere jenta som gir ansikt til Diors parfyme J'adore. Det er nemlig Carmen Kass. (JV)

Kryssord



Her kommer ny kryssord fra Laurits Killingbergtrø som estlandsvenner kan bryne seg på. Løsningen bringer vi i

neste nummer

Adresser og telefonnummer

Om ein ringjer frå Noreg til Estland og nyttar det vanlege telefonnettet, skal ein først tasta 00 372. Så legg ein til innanlandsk estisk retningsnummer og til slutt abonnentnummer, f.eks. til Tartu: 00 372 7 123456.

Når ein ringjer rikstelefon innanfor Estland, skal ein først tasta 0, deretter innanlandsk retningsnummer, så abonnentnummer, f.eks. til Tartu: 07 123456. Lokalt trengst det ingen retningsnummer først.

Frå Estland til Noreg tastar ein først 00 47 og deretter det norske abonnentnummeret med åtte siffer. Med mobiltelefon startar ein med +47 og deretter abonnentnummeret.

Ringjer ein med mobiltelefon til nummer i Estland, tek ein først det estiske prefikset +372. Ringjer ein til ein annan mobiltelefon i Estland, skal ein tasta +372 50 (Eesti mobil telefon) eller +372 55 (Q GSM) eller +372 56 (radiolinja) og så abonnentnummeret.

Estlands-nytt tek ikkje ansvar for eventuelle feil. (TF)

I Estland:

Kgl. Norsk Ambassade (Norra saatkond), Harju 6, EE 15054 Tallinn, tlf. 6-271 000, faks 6-271 001, e-post: noram@uninet.ee. Ambassadør: Per Kristian Pedersen.

Nordisk ministerråds informasjonskontor (Põhjamaade ministrite nõukogu infobüroo), Lai 29, EE 10133 Tallinn, tlf. 6-273 100, faks 6-273 110, e-post: info@nmr.ee, www.nmr.ee.

Nordisk ministerråds informasjonskontor (Põhjamaade ministrite nõukogu infobüroo), Raekoja plats 8, EE 51004 Tartu, tlf. 7-433 944, e-post: madis@nmr.ee.

Eesti instituut, Suur-Karja 14, Postkast 3469, EE 10140 Tallinn, tlf. 6-314 355, faks 6-314 356, e-post: einst@einst.ee.

Eesti-Norra Selts (Estisk-norsk forening), leiar Eha Vain. Adresse, telefonnummer, faks og e-post som for Nordisk ministerråds informasjonskontor i Tallinn.

Tartu norra selts (Norsklaget i Tartu), lagsleiar Meelis Joost, tlf. +372 52 88 964 adresse som for Nordisk ministerråds informasjonskontor i Tartu, e-post: meelis@hotmail.ee

I Noreg:

Estlands ambassade, Parkveien 51, 0256 Oslo, tlf. 22 54 00 70, faks 22 54 00 71, residens: Oscarsgate 26 B, 0244 Oslo. Ambassadør: Peep Jahilo.

Estlands æreskonsul i Bergen, Tor Øystein Enge, tlf. 55 21 54 00, faks 55 21 54 25, Fortunen 1, Pb. 1124 Sentrum, 5809 Bergen, e-post, enge@stieglers.no.

Estlands æreskonsul i Trondheim, Trond Bernhard Brekke, tlf. 73 80 21 50, faks 73 80 21 60, Schultzgata 1, 7013 Trondheim.

Eesti Selts Norras (Det estiske selskap i Norge). Leiar: Orvika Rosnes, tlf. 22 38 11 26, e-post: eesti.selts@oslo.online.no.

Estlandsforeningen i Rogaland, Postboks 581, 4001 Stavanger. Leiar: Torild Ånestad, tlf. 51 5687 64, faks 51 53 00 79, tota@rfk.rogaland-f.kommune.no.

Estlandsforeningen i Midt-Norge. Leiar: Ann-Elin Slettahjell, Presteboligen, 7074 Spongdal, tlf. 72 83 55 94, e-post: aesletta@hotmail.com.

Foreningen Norden, Harbitzalleen 24, 0275 Oslo, tlf. 22 51 67 60.

Norsk-estisk forening på nettet: <http://www.parta.addr.com> (venter på ajourføring som blir utført av parta@post.tele.dk)

Telekommunikasjon

Med det elektrotekniske tigerspranget sitt har Estland nådd langt på visse felt. Rundt omkring i landet er det mange små foretak der fantasirike personer sitter og finner på nye bruksområder for mobiltelefonen. Firmaet Oskando, f.eks. begynte i 1997 med et Coca-Cola-automatsystem. En kunne betale colaen per telefon og hente ut en avkjølt drikk fra automaten. Det neste var parkeringsavgift per telefon. Dette er kanskje det mest kjente produktet. Ved hjelp av ei lita elektronisk tilleggsgreie kan en via mobiltelefonen kople til motorvarmeren, utløse tjuverialarmen eller stenge bensintilførselen slik at bilen stanser. Ved hjelp av datamaskin og mobiltelefon kan en følge bilens bevegelser på veikartet nesten overalt.

De forskjellige anvendelsene av mobiltelefonen var noe av det mest interessante for norske næringslivsfolk som møtte den estiske handelsdelegasjonen under president Rüütels statsbesøk i Norge i april. (ay)

Statoil i Baltikum

Det har ikke vært lett for bensinselgerne å få skikkelig sving på pumpene i Baltikum. Mange små kjeder ligger og priskriger mot hverandre. Statoil kom inn i Baltikum i første del av 1990-åra. Til kjeden hører det 9 vanlige og 9 ubemannete stasjoner. I slutten av mars i år ble det klart at Statoil hadde forhandlet om kjøp av Shell-stasjonene. Av disse er det 26 i Estland, 19 i Latvia og 16 i Litauen.

Hvis kjøpet går i orden, betyr det at Statoil overtar 500 ansatte, og markedsandelen vokser fra 17 % til 24 %. Shell har tenkt å fortsette med salget av motorolje i Baltikum. Utsifting av Shell-skilter til Statoil vil eventuelt gå for seg over en lengre periode. I 2000 var Shell det bensinselskapet som gikk med størst tap i Estland. Tapet var på EEK 67 millioner av en omsetning på 435 millioner. Statoil hadde et positivt resultat i 2001. (pk, jl, 2.4.2002)

Nytt universitet

Like etter at universitetet i Tartu har markert 370-årsdag og 200-årsdag på ein gong, kjem meldinga om at tre høgare læreanstalter i Tallinn no går saman for å danna universitet i hovudstaden. Dei tre er Den pedagogiske høgskolen, Kunstakademiet og Humanitarinstituttet. Akademisk bibliotek og Historisk institutt skal også gå inn i den nye institusjonen.

Professor Rein Raud ved Humanitarinstituttet meiner at nyskapningen vil likna meir på universiteta i London, Oxford og Cambridge enn på den kontinentaleuropeiske og sovjetiske høgskolemodellen som hittil har vore vanleg i Estland. Dei ulike avdelingane skal vera svært sjølvstendige, og dei delegerer funksjonar til eit sentralorgan.

Rektor Mati Heidmets på Den pedagogiske høgskolen understrekar kor viktig det er i eit lite land å utnytte ressursane rasjonelt både dei materielle og dei intellektuelle. Han trur at universitetet i Tartu framleis vil vera det største i Estland. Den pedagogiske høgskolen hadde våren 2002 ca. 6500 studentar, Humanitarinstituttet hadde ca. 360 og Kunstakademiet ca. 760. Samtidig hadde Tartu ca. 12 000. Landbrukshøgskolen ligg også i Tartu; der var det ca. 4000 studentar.

Ein viktig læreanstalt i Tallinn er Den tekniske høgskolen med drygt 9000 studentar. Den har i det minste no i første omgang vald å stå utanfor. Handelshøgskolen med bortimot 1900 studentar er heller ikkje med. (Postimees, Eesti Ekspress, jv)

Onsdagstreff i Norsk-estisk forening
Norsk-estisk forenings medlemmer med venner
møtes andre onsdagen i måneden på Cafe Mistral,
Majorstuveien 41, 0367 Oslo, fra klokka 18.00 og utover.

Første gang 12.6.2002

Kohvikuõhtu

Iga kuu esimesel kolmapäeval kell 18.00
on Eesti Seltsi kohvikuõhtu iiri pubis
The Kilkenny Inn (Øvre Slottsgata 20, Oslo).
e-mail: eesti.selts@oslo.online.no

Kontingenter for Norsk-estisk forening

Hovedmedlem: kr.200,-

Studenter og pensjonister kr.100,-

Bedrift foreninger kr.300,-

Familiemedlem: kr. 50,-

Skriv navnet ditt fullt ut på betalingsgiroen slik at vi vet hvilket medlem som betaler.

Vi har fortsatt 10 anonyme innbetalinger, kan en av dem være din?

Norsk-estisk forening selger restopplaget av Varulven og andre estlandske eventyr

Norsk barneblads forlag, 1982

Du får kjøpt boka ved henvendelse til foreningen.

Prisen er kr 50,- + porto.

Denne boka ble sendt til prinsesse Märtha som hilsen til
bryllupet. Kanskje opplever vi å høre henne lese estiske eventyr?

Estiske folkedrakter

I samband med det estiske statsbesøket i Noreg i april vart det opna ei utstilling med estiske folkedrakter på Norsk Folkemuseum, Bygdøy i Oslo. Utstillinga vart opna av fru Ingrid Rüütel med dronning Sonja som æresgjest. Sjefskonservator Inger Jensen kåserte om folkedrakta. Små fiolinspelarar frå musikkskolar i Oslo og Bærum musikerte under leiing av læraren sin, Edda Hvenekilde frå Tartu.

Mange medlemmer frå Norsk-estisk forening og Estisk selskap i Norge var til stades. Like eins ein del ambassadørfruer. På plass var også Reet Piiri frå Estisk folkemuseum, som hadde komponert utstillinga og montert henne på Bygdøy. Teksten om draktene er skriven av Reet Piiri. Omsetjinga til norsk er ved Turid Farbrege i samarbeid med Aagot Noss. Vi har utelate skildringa av dei einskilte draktene og oppmodar i staden lesarane om å vitja utstillinga som er open heile sommaren

Allmenn bakgrunn

Estarane var fram til 1800-talet hovudsakleg bønder, og kulturen deira var ein bondekultur. I det øvste samfunnssjiktet var det nesten berre tyskarar. Karakteristisk for standssamfunnet vart det på 1600- og 1700-talet stadig gitt føreskrifter som hindra det nedste samfunnssjiktet i å bli

ovmodig i klesvegen. Slik markerte bondekrakta både at beraren var estar og at han hørte til allmugen.

Den estiske folkedrakta kunne med andre ord bli prega av den politiske og økonomiske utviklinga i samfunnet. Andre faktorar var klimaet, bustaden og arbeidsforholda. → side 24



Kvinnedrakter frå Kadrina og Kuusalu, daterte til ca. 1850.



Norsk-estisk forening (Norra-eesti ühing)

Leder: **Martin Killi**, Gamleveien 27 a, 1406 Ski, tlf. 64 87 01 13.

Henvendelser om medlemsskap til: **Siri Berg**,

Lerdalsgate 22 b, 2010 Lillestrøm, tlf. 63 89 98 31.

Kasserer: Svein Hagelund, Dalsåsen 102, 1285 Oslo.

NEF postgirokonto 0540 084 5486